

## Guvernørens månadsbrev September for D2275

Gode Rotaryven!

Distriktskonferansen er i full anmars, og må avviklast før det kan refererast frå den.

Ellers har det vore full fyk. Det er ikkje enkelt å vera guvernør i tillegg til å driva eiga næring. Dagane kunne godt vore lengre. Men du verden det er artig. Har håp om at konferansen blir bra. Så får vi sjå. Vi har truleg vredas minste distriktskonferansekomite!

Første klubbeseøk denne månaden vart til Verdal Rotaryklubb, for å feire klubbens 60 årsjubileum. Det var ei storslått feiring, med ikkje mindre en to (kvinnelege) ordførarar til stades. Til og med chartermblem var der. Det var berre Jennifer Jones som vanta. Med allsang og godmat. Fine talar og god underhaldning, vart dette ei storveiges oppleving, og ei fin markering av ein merkedag.

Derifrå gjekk turen til Trondheim, og midtnorsk ingeniørkonferanse. Så barst det til Island, saman med DGE Sissel. DGN Aud kom etter. På Island fekk vi gode samtalar. Det er godt at vi har felles mål og forståelse når vi skal snu trenden, forynge oss og bli fleire.

Første dagen i Reykjavik hadde eg ikkje program, og gjekk meg ein tur i byen. Som ukjent var dette utfordrande. Men fruen heime guaida meg via videoanrop. Ganske fasinerande, med at ho kunne sjå på kartet kor eg var til ei kvar tid, og kunne finne ruta dit eg ville. Dagen etter var det guvernørsamling, og vi fekk møta Jennifer Jones. Ho er utruleg inspirerande. Det at vi ikkje får momskompensasjon slo ho atende, og meinte det var suttring. Som Rotryaner må vi betala våre skatter, og heller sjå på utfordringane vi står ovanfor i verda. Slik ho sa det, vart all tvil fjerna. Vi får ikkje endra reglane. Slik svaret kom, var eg glad det var andre som hadde stilt spørsmålet.



Fv. Lena Mjerskaug  
Jennifer Jones  
Trygve Roaldset  
Ian Riseley  
Holger Knaack

Rotary Distrikt 2275  
Mobil: +47 900 63 534  
Mail: trygveroaldset@gmail.com

På temadagen hadde eg valgt "reint vatn". Det vart busstur med guaid som het Trygve. Turen var lagt opp slik at vi fekk sjå varme kilder og fersk lava. På tur ned fra vulkanen var eg litt for ambisiøs, og datt med eit brak. Det var ikkje lyng og mose til å ta imot der. Det kjennes enda. Turen gjekk vidare, og vi fekk besøka Keflavik Rotaryklubb. Der fekk vi ei ny oppleving. Kwart møte starta dei med ein skål, med reint vatn. Etter fint inlegg frå presidenten, vart det servert eit nydeleg torskemåltid med påfølgende kaffe og kaker. Vi avrunda møtet med å bytte flagg, og takka for laget, slik skikken er i Rotary.

Siste dagen leide Sissel og eg oss bil, slik at vi kunne sjå oss litt i kring. Vi kørte til Tingvellir (Tingvoll). Der kjøpe vi oss ein kafekopp, og litt å bite i, og suvenir til å ta med heim. Så barst det til Gullfoss <https://www.livefromiceland.is/webcams/gullfoss/> . Der traff vi heile toppleinga i Rotary og. Så da vart det "selfitime". Det lærte eg meg på Island. Selfi i lag med andre, gir eing god tone. Som avslutning på eit fint opphald, tok vi oss ein dukkert i Sky Lagun. Å bada i godt lonka vaten utandørs, der du kunne sjå utover havet, var heilt topp. Det var forresten ein skokk med nordleningar der også den ettermiddagen.

Siste natta vart kort. Opp kl. 03:30 for å kjøre til flyplassen. Vi fulgte GPS og kjørte litt feil. Men vi var ute i god tid, og kom oss velberga heim.

No er det konferansetid.

God Helg!